

# Jonstein

## NORSK MALURT – FØRSTE INNVANDRAR ETTER ISTIDA?

*Då realskuleeleven ARNE HANDEGARD i 1962 samla planter til herbariet, visste han ikkje kva for ein raritet han hadde fått mellom permanente. 30 år seinare bøyrdde han eit botanisk føredrag, med biletfamsyning av ei plante han drog kjensel på: «Norsk malurt, som i Noreg finst berre i eit stort område på Dovre og i Trollheimen, og i eit lite område i Ryfylke.» Arne Handegard rekte opp banda: «Planta veks i Jondal ved fjellet Jonstein.»*

I byrjinga vart han ikkje trudd, men funnet vart seinare stadfesta av botanikarar. Jonsteinslokaliteten vart ei stor overrasking i fagmiljøa.

Norsk malurt veks altså på nokre få fjellområde, som ligg langt frå kvarandre. Eit interessant spørsmål er kvifor planta ikkje veks på mange andre karrige stader i fjellet, som har liknande vegetasjon som det vi finn ved Jonstein.

Vi kan best forstå denne utbreiinga ved å sjå attende på historia til planta. Under istida voks norsk malurt – kan henda i store mengder – på dei kalde steppene sør for breen som dekte Skandinavia. Etter kvart som isen smelta, følgde planta etter, og erobra den ferske, frilagde morenejorda. Ho kan ha vandra inn til Vest-Noreg frå Nordsjøen, som på den tida var tørt land. Då norsk malurt hadde slått rot som ein del av den første floraen, var det framleis mykje is i fjord- og fjellstrøka i fylket. Etter kvart vart klimaet varmt og dermed lite gunstig for pioneren. Skog og annan ny vegetasjon utkonkurrerte norsk malurt på dei fleste veksestadene. Men planta døydde



Norsk malurt. (Bjørn Moe)

ikkje ut overalt. Jonstein kan ha vore tidleg isfri, og den gongen var det kanskje spesielt gode vilkår for arten til å bita seg godt fast nett på denne lokaliteten. I så fall har norsk malurt grodd på same staden i nær 14 000 år.

Planta gjer ikkje så mykje av seg der ho står på skrinn jord, mellom steinar og grus eller i matter med heigråmose. Det er relativt mykje av henne innanfor eit avgrensa område. Dei tynne blada, som ligg lågt ned mot bakken, gjer henne likevel lite synleg.

Berre frå nokre få planter veks det opp ein rak stengel. Stengelen ber korgar der dei små gule blomane sit tett i tett.

Det ligg ei historie bak kvar einaste plante-førekost. Korleis kom planta til staden, og kor lenge har ho vakse der? Utbreiinga til norsk malurt, ein juvel i floraen, har vore diskutert av fagfolk langt utover landegrensene. Somme historier er meir interessante enn andre ...

### HEREIANE

*På HEREIANE kan ein på varme sommardagar gå berrføtt oppetter berget frå fjorden og heilt opp til 400 meters høgd. Det nakne og fura fjellpartiet vekker ofte undring blant vegfarande som ser det frå nordsida av fjorden. Kvifor skil det seg slik ut, og kvifor veks det så lite der? Det er då langt til tungindustrien i Ålvik og Odda, og ikkje har her vore skogbrann i nyare tid.*

*Årsaka er den kvartsrike fjellgrunnen, som er bortimot heilt utan jord og plantenæringsstoff. Nokre stader er det vegetasjon likevel, spesielt i bekkeløfter og sprekkar i fjellet. Her og der har det samla seg opp litt bumus og jord, akkurat nok til at nøysame artar får det dei treng av næring og vatn. Dei mest typiske planteslaga er røsslyng, klokkeløng, rome og blåtopp. Dei pizzaforma mattene av gråmose er endå meir hardføre der dei veks rett på nakne steinen. Furu er det einaste treslaget som klarar seg, men det er langt mellom trea, og dei blir sjeldan meir enn nokre få meter høge.*

### Utvalsa gneisar

*Hereiane, Jonabornet og Samlen er alle restar etter eit skyvedekke med sterkt utvalsa gneisar. Dette skyvedekket ligg like over fyllitt og glimmerskifer. Fyllittunderlaget verka som eit glidesjikt for dei enorme fjellmassiva som vandra søraustover for 430–410 millionar år sidan. Denne vandringa kom av kollisjonen med Grønland under den kaledonske fjellkjededanninga. Fjellet like over dette glidesjiktet fekk merka rørsle uvanleg godt. Ein gong dekte gneislaget fyllitten og det underliggjande grunnfjellet i heile området. No er det berre Hereiane, Jonabornet og Samlen som står att av skyvedekka på denne sida av fjorden. Over Folgefonnplatået er dekkja heilt borte.*

*Det skifrige, lagdelte gneislaget stuper ned i Hardangerfjorden og held fram under nordsida av fjorden. Nedstupinga er ei bøyning eller falding som skjedde då nordsida av Hardangerfjorden sokk ned fleire kilometer. Senkinga skjedde like etter at den kaledonske fjellkjededanninga var avslutta. Den granittiske gneisen på Hereiane står i streng kontrast til fyllitten og glimmerskiferen som omkransar gneisen i ein boge frå Svåsand over austsida av Skorpa og ned att til Herand.*

### Nasjonal verneverdi

*Området har vore vurdert for masseuttak av pukk. Av omsyn til det særsegne fjordlandskapet – med nasjonal verneverdi – vart pukkverksplanane stoppa.*



*Det er spesielt å gå tur i Hereiane, der overflata på berget kan vera mest like slett og livlaus som på eit fortau. Jonabornet i bakgrunnen. (Svein Nord)*